

Kommunal og regionaldepartementet

Postboks 8129 DEP
0032 Oslo

Dykkar ref.	Arkivsakid-doknr:	2011000036-8	Saksh:	Harald Jordal	Arkivkode	Dato:
	Journalpostid:	2012011814	Telefon:	53 65 40 23	K1-011	20.07.2012

Endring i vallov og valforskrift: Høyring

Uttale :

Odda kommune er særskilt glade for at staten no tek ansvar for å sikra basiskvalitet for gjennomføring av val ved :

- a. Å oppretta og drifra eit statleg nytt eintydig og gjennomgåande elektronisk valadministrativt system (EVA) som kan brukast av kommunane utan at det er krav om betaling
- b. At staten som ein del av EVA stiller oppdaterte elektroniske valmanntal (både til stortingsval og kommunestyre- / fylkestingsval) og førebels valmanntal (for m.a. sjekk av listekandidatar) til disposisjon for kommunane og ikkje som tidlegare berre grunnlaget for å danna manntalet
- c. Ved at eigne førehandsrøyster kan prøvast ved når dei vert avgitt på vilkår av at det er online kontakt med manntalet.
- d. Eigen opptellingsmodul som lettar prosessen med å generera møtebok for valstyret inkl valresultat / kandidatføring.

Odda kommune ber om at ordninga med tidlegrøysting vert avvikla då det er vanskeleg å få denne gjennomført som eit fullverdig røysting og at førehandsrøystinga startar når alt er klart til at den kan gjennomførast på ein fullverdig måte.

Venleg helsing

Ingrid H. Guddal
Rådmann

Kopi : Valstyret i Odda

Leiar / ordførar John Opdal
Nestleiar / varaordførar Elisabeth W. Hauge
Medlem: Anne Marit Buer, Gard Folkvord og Linda Haugland Jondahl

Vedlegg meint som informasjon til valstyret:

Høyingsfristen er 1. august og gjeld følgjande lovending:

1. Manntalet
 - a. Ansvar for etablering og oppdatering av manntal vert overført til staten
 - b. Det vert etablert frysdato for når manntalet ikkje lenger kan endrast, med unntak for søknader frå nordmenn som har vore busett i utlandet i meir enn 10 år samanhengande og dermed har falle ut av manntalet.
 - c. Det vert etablert førebels manntal 2. januar til hjelp for valstyra m.a. til å godkjenna listekandidatar
2. Kommunane sitt ansvar for at vallokala tilfredsstillar krav vert presisert.
3. Nye reglar for førehandsrøystinga for eigne ved elektronisk avkryssing i manntal. Då kan røystesetelen stemplast og leggst urna utan konvolutt. Røysta treng då ikkje prøvast i ettertid og valkortet vert ikkje brukt for å identifisera røysta
4. Krav om to røystemottakarar ved mottak av alle førehandsrøyster.

Evaluering av valet i 2011 og forslag til endringar i vallova og innføring av Nytt elektronisk valadministrativt system - /EVA/

Departementet har sendt eit omfattande dokument på høyring

Det **viktigaste nye** er at staten no tek ansvar for ei betre tilrettelegging enn før gjennom ei nytt elektronisk valadministrativt system som staten ved kommunal og regionaldepartementet tek ansvar for drift og oppgradering av og som det er knytt manntalsføring / oppdatering av løpande manntal og tilgang til førebels manntal frå 2. januar.

Det vert og føreslege ein «frysdato» for oppgradering av manntal og ikkje som tidlegare at det var overlata til dei ulike valstyre å oppgradera manntalet sjølv. (i verte fall risikerte ein at veljarar sto i fleire manntal samtidig).

Ryggrada i eit kvart val er eit påliteleg og korrekt manntal.

Kostnadane med dette vil og staten no ta på seg.

Det er for kommunane svært gledeleg nytt, men det var ikkje for tidleg for å sei det slik .

Staten har i for lang tid ikkje imøtekome kravet frå kommunane; Eitt valsystem i landet på same måte som at vi har eit skattesystem.

Tidlegrøysting vert vidareført sjølv sjølv om talet som brukte denne « ufullstendige» røystinga **gjekk ned frå 6.500 til 4.970 frå 2009 til 2011** og utgjer forsvinnande 0.19% av avgitte røyster (2.5 mill) . Realiteten er at minst halvparten dei som møtte opp gjekk att utan å røysta då dei oppdaga at tidlegrøystinga ikkje er ein del av førehandsrøystinga. Av dei som då var att var det mange som stemte av dei dei likevel var oppmøtt for å stemma og ikkje fordi dei hadde trong for å tidlegrøysta.

For kommunane som er pålagde å stilla beredskap for å ta imot tidlegrøysting er det frustrerande å administrera ei ordning som «ingen» har bruk for, og som ikkje medfører ein signifikant effekt i auka valdeltaking – snare tvert imot - ved at mange av dei få som møte opp for å tidlegrøysta var forvirra og usikre. Forvirring og usikkerheit svekker tilliten til valet. Departementet verkar og noko utsikre når dei skriv i pkt 7 4 6 i høyringa

« Departementet vil ikkje foreslå at dette apparatet skal være oppe så tidlig (frå 01.juli), men foreslår i stedet at tidligstemmene mottas etter avvikende prosedyre, lik den som er foreslått når velger ikke er manntalsført i kommunen»

Odda valstyre uttale seg og sterkt negativt til forslag om innføring av tidlegrøystinga. Etter valet i 2011 (som er det 2. valet med ordninga) er det ingen grunn til å snu på det. Ordninga med tidlegrøysting bør avviklast.

Førehandsrøystinga vil etter forslaget bli enklare ved at røysta – om den kjem frå egen veljar- kan godkjennast ved mottak dersom røystemottakar har onlinekontakt med manntalet. Røystesetelen må då stemplast før den vart lagt i urna
Det vil då ikkje bli bruk for røystestelkonvolutt, valkort som identifikator av stemma og omslagskonvolutt for eigen stemmer . For såkalla «framande røyster» vert det som før. Det er opning for godkjenning av «eigne» stemmer ved mottak også frå ambulerande førehandsrøysting dersom ein har med PC og kontakt med manntalet elektronisk. Prosedyren ved førehandsrøysting (eigen veljar) vert då som valtingsprosedyren. Identifikasjon av veljar, avkryssing elektronisk i manntalet, stemping av røystesetel og røystesetel i urna. Det vert tilrådd eige stempel for førehandsrøysting for å ha eit sikkert skilje mellom førehand og valtingsrøyster.
Det krav om to røystemottakarar av alle førehandsrøyster. Dette må ein «ta høgde for» også ved bemanning av mottak (inkl utvida opningstid på Tenestetorget og ambulerande)

Vallokale: Kommunane vil få presisert ansvaret sitt i vallova – om for at alle skal ta seg inn vallokalet utan hjelp av andre.

Det vert ikkje lagt opp til endringar i prosedyre for avvikling av valting